

LPP NORDHORDLAND – ÅRSMØTE 2019

Referat frå årsmøte LPP Nordhordland 5.mars 2019

Desse møtte:

Solveig Johnsen, Kirsten Risa, Reidun Holmås, Astrid Kjenes, Britt Pedersen og Atle Utkilen.

Sak 1: Godkjenning, innkalling.

- Innkalling og sakliste vart godkjent. Alle som var tilstade hadde stemmerett.

Sak 2: Val av møteleiar, referent og protokollunderskrivarar

Følgjande vart valde:

- Møteleiar: Atle Utkilen
- Referent: Reidun Holmås
- Underskrivarar: Solveig Johnsen og Astrid Kjenes

Sak 3: Årsmelding:

- Årsmeldinga vart lest , og godkjent utan merknad

Sak 4: Rekneskap:

- Rekneskapen vart godkjent utan merknad

Sak5: Budsjett og handlingsplan for 2019.

- Handlingsplan for 2019 vart samrøystes vedteke.

Sak 6: Innkomne saker - Ingen


Sak 7: Val

Følgjande vart valde ved akklamasjon:



- Leiar : Atle Utkilen
- Kasserar: Solveig Johnsen
- Sekretær: Reidun Holmås
- Valnemnd: Astrid Kjenes og Britt Pedersen
- Revisor: Håkon Vabø
- Styremedl.: Britt Pedersen og Kirsten Risa
- Delegat/ representant til landsmøtet:
 - Britt Pedersen.
 - Laget sender også ein observatør.

Referent

Reidun Holmås



Underskrivarar



Rekneskap

2018

L.P.P. Nordlandland.

Inntekter.

Lindås kommune, kulturmiddel Av. 2.000.-
 L.P.P. medl. pengar " 1.470.-
 L.P.P. mesterkompisasje " 523.-
 Graubanken Vest, gave " 10.000.-
 Graubanken Vest, arvebidde " 40.-
Av. 13.833.-

Underskott 2018 " 2.409.-

Av. 16.242.-

Beiga pr. 1. jan. 2019.

Beiga pr. 1. jan. 2018. 2640.605057 kr. 40.284.47

÷ Underskott 2018 " 2.409.-

Av. 37.875.47

5955. Lindås, 31/12.18. - 27/2. 2019.

Johaug Johann
- nærmer.

Utgifer:

Julebud NordlandHeld kr. 4.111.-
 Mat til Skipemøtet " 1.090.-
 Golgev - Spaubank " 48.-
 Årsmøte - dagav og gratul " 1.163.-
 Totu til Tude " 2.562.-
 Opphold og reise til
 Ost bygghjellshold " 4.600.-
 Annars kass/kass.
 Pr. 2017 og 2018 " 2.000.-
 Restoppgjer til Tordhine " 668.-
Av. 16.242.-

4/3-2018 John Vabø
- nærmer.

Årsmelding for 2018 og Handlingsplan for 2019

Laget er opptatt av og har jobba med:

- at tilbud i psykiatrien skal fungera for brukarar, og for oss pårørande; både lokalt i kommunane; og i 2.linja.
- å ta vare på og også få til eit betre tilbud innan psykiatritenesta rundt i alle kommunane. Vi må koma i posisjon i den nye kommunen Alver (Lindås, Radøy og Meland).
- Gjennom deltaking i ulike utval jobbar vi for eit betre tilbud til brukarar både i kommunane og på DPS-nivå. Del av dette har handla om tilbud etter kl 16, etablering av fact team og planlegging av robuste bustader.
- Vi har fokus på at det skal etablerast eit brukar-/pårørande senter i det nye helsehuset i Knarvik.
 - Del av dette er å få Lærling- og mesteringscenteret til å koma ut og halde kurs/ foredrag gjennom Bjørgvin DPS , og
 - ha faste tilbud i det nye helsehuset.
- Ein god plass å møtast; vi som er pårørande.
- LPP har også i år bidratt til at brukarar frå området har kome seg til Oset Høyfjellshotell på «Skifest – vinteraktivitets tilbud til personar innan psykisk helse. Takk til Solveig som stiller opp.

Vi er eit lite lag, men vi er kome på kartet. Kommunane veit om oss, og vi vert t.d spurt om å vera med i ulike prosjekt. Utfordringa vår er å ha kapasitet.

Vi slit fortsatt med å få til ein god kommunikasjon med psykiatritenesta i kommunane. Her har vi ein jobb å gjera også internt. Vi er for få til å makta å følgja opp over for alle kommunane.

Vi har ikkje gløymd kven vi er ein organisasjon for - pårørande

I år som tidlegare har vi hatt ein sommartur og vi har hatt julebord saman.

Turen i år gjekk til Fedje den 13.juni. Ein flott dag på Fedje med sol og stille sjø,



I tillegg legg vi vekt på at det skal vera godt og positivt å koma på møta i laget; sosialt; mat; informasjon og diskusjonar.

Utfordringar som vi har jobba med og som vi må jobbe vidare med neste år

- Nye medlemmar.
 - Me har ikkje klart å vere aktive nok til å verve nye medlemmar. Litt av utfordringa er å verta meir synleg og få fram at det nytta å stå på. Vi har kontakt med mange som høyrer til området. Problemet er at dei alt er medlem av Mental Helse lokallag. Mange meiner at det er nok. I tillegg er også mange i vårt område knytt til LPP Bergen. I år vil vi likevel jobba meir målrette for å bli meir synleg. Vi skal t.d ha annonse i lokalavisene (sjå baksida), leggja ut litt brosjyrer på legekontor o.l , og vi skal forsøkjia å vera litt aktive i valkampen til hausten.
 - Mål 2019 - 5 nye medlemmar
- Vera med å prioritere tilbod i psykiatrien.
 - Målet er å påverke det tilbodet kommunane gjev, m.a. med å få vere med under utforming av budsjett/prioritering. Det har vist seg at det er krevjande å komme i dialog med kommunane om dette, og slik som dette året har vore, har me ikkje hatt kapasitet til å stå på for å få det til.
- Kurs og seminar. Vi må jobbe vidare med å få LMS til å koma ut og halde kurs.
 - Mål: Få til eit kurs hausten 2019.
 - Målet om å sende styremedlemmar meir på kurs/seminar/foredrag har vore vanskelig å få til så langt. Dette er både knytt til kva den enkelte makter, og til at vi så langt ikkje har hatt økonomi til å dekke tapt arbeidsforteneste. At vi også er få i laget gjer ikkje dette betre. Det er viktig med påfyll, og dersom mogeleg, vil vi senda medlemmar på kurs.
- Tilbod i kommunane og samhandling med andre for å få eit godt tilbod.
 - Viktig at vi vert spurt og høyrd når kommunane kjem med tilbod/endrar tilbod. Slik strukturen er bygd opp i kommunane vi dekkjer, er det RMNF (råd for menneske med nedsett funksjonsevne) som vert det viktigaste talerøyr. I tillegg må vi ha møte med psykiatritenesta. Både forebyggjande og rehabilitering er viktige tilbod som må på plass.
 - Sikre tilbod til brukarar både forebyggjande og ettervern.
 - Vi vil fortsatt ha særleg fokus på Nær-Kolås.

Kvar har/er me representert?

Vi har hatt representantar i

- Vi har representantar i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne i Austrheim og Lindås.
- Representant i Brukarrådet DPS Bjørgvin
- Kontrollkommisjonen ved Haukeland.
- Representant i prosjektgruppa Helsehus Nordhordland
- Styremedlem i LPP sentralstyret

Styret /medlemsmøte

Vi har hatt 2 styremøte, og juleavslutting på Westland. Laget har pr. 31.12 8 medl. + 1 familie medlem.

Mars 2019 Atle Utkilen/Leiar



Nasjonal råd.giv.tlf: 22 49 19 22 Chat med oss på: lpp.no

LPP har fokus på dei pårørende innan psykisk helse. Vi gir råd og støtte til å takla ein vanskeleg kvardag.

VI TALAR PÅRØRANDE SI SAK
Landsforeningen for Pårørende innen Psykisk helse (LPP) er ein organisasjon som talar di sak. Vi er støttespelarar og eit nettverk for deg som er pårørende til ein person med psykiske problem.
LPP arbeider for at pårørende skal bli sett og hørt som den ressursen vi er, og at vår erfaring skal bli tatt på alvor av helsevesenet og kommunane. Vi er ein pådrivar for å styrka tilbodet innan psykisk helsevern med fokus på betre kommunikasjon mellom brukar, pårørende, fagfolk og myndighet.

OPPLEV FELLESSKAP MED ANDRE PÅRØRANDE
Som medlem i våre lokallag møter du mennesker som er i same situasjon som deg. Gjennom sosiale samlingar og samtalegrupper, kan ein utveksla erfaringar, og gje kvarandre støtte. Lokallaga kan også gje deg verdifull informasjon og råd, og også gode verkøy til å takla kvardagen.

Lokallag LPP Nordhordland tlf 97 06 71 61